

INSTALLERE ADOBE CONNECT

Når du skal installere Adobe Connect for første gang og få ein oversikt over korleis Adobe Connect fungerer, eller du skal sjekke at alt er ok i forhold til lyd og innstillingar, kan du klikke deg inn her: <https://connect.uninett.no/adobetest/> for å øve deg. Dette rommet blir berre brukt til øving og det kan vere at andre er inne på same tid som deg. Det går heilt fint!

Når du skal delta på undervisning i Adobe Connect, finn du ei lenke til nettklasserommet i mappa for nettsamlinga eller i meldingsfeltet. Nokre av lærarane bruker same klasserom kvar gong, andre har nytt rom. Du loggar deg inn der læraren din seier du skal gjere det. Når du skal delta i ei nettsamling, koble helst maskina til router med nettkabel.

Er du ikkje student og skal ta del i eit møte i Adobe Connect, har du sannsynlegvis fått lenkje til nettrommet i ein epost. Klikk på lenkja og logg deg på som Guest og legg inn fullt namn.

Alle studentar skal logge seg på med Feide-pålogging. Det er ikkje krise om du loggar deg på som gjest, men som hovudregel med Feide. For nye studentar: Dersom du har fått brukarnamn og passord til Its learning/Fronter, skal du bruke dette når du loggar på. Viss du ikkje har fått dette, loggar du på som Guest første gong, men brukar elles Feide-pålogging når du har fått brukarnamn/passord. Skal du vere Host i eit rom, må du alltid logge på med Feide! Følg rettleiinga under:

ADOBE® CONNECT™

Nettsamling 1 2013

Enter as a Guest

Name

Enter Room

Enter with your login and password
(Required for hosts, recommended for registered users)

[Help](#)

Nettsamling 1 2013

Enter as a Guest

Name


Enter Room

Enter with your login and password

Login Feide


Feide-pålogging: Same brukarnamn og passord som du bruker i Fronter/It's Learning

Dersom dette er første gang i Adobe, eller du vil sjekke at alt fungerer som det skal, følg instruksene under her:



Klikk på Help – Troubleshooting og nettsida Test Meeting Connection opnar seg.

Dersom du får 4 grønne haker, er alt ok. Dersom du får opplyst at du manglar Adobe Add-In og spørsmål om å installere den, svar Yes!



Dersom dette ikonet



kjem opp på verktøylinja, har installasjonen lykkast! Gratulerer!!




NB: IKKJE BRUK Chrome sin nettlesar, då den ikkje går overeins med Adobe Connect.

Følg deretter instruksjonane på neste side for at lyden skal bli best mulig:

NÅR DU HAR GJENNOMFØRT INSTALL ADOBE ADD-IN, FØLGJER DU DENNE PROSEDYREN FOR Å SIKRE GOD LYD OG FJERNE EKKO:

Høgreklikk ein eller annan plass på skjermen og vel Settings:



Du får då opp ein meny. Vel fana med mikrofonen på:



Kryss av for Reduse Echo.






Vel fanen med Tv-skjerm og eit auge. Kryss av for Allow og Remember. Då er innstillingane ok for denne nettlesaren og PC-en/Mac-en du har brukt. Skal du bruke Adobe på ei anna maskin eller ein annan nettlesar, kan det hende du må gjere alt oppatt.

FØR MØTE ELLER UNDERVISNING, SJEKK AT LYD INN OG UT FUNGERER SLIK:

Kople til headset med mikrofon. Det blir alltid best lyd med headset, men kan også fungere utan. Nettkabel kan vere viktigare for lyd og bilde!

Vel Meeting oppe på verktøylinja, trykk så på Audio Setup Wizard



Følg instruksjonane i Wizzard, her sjekkar du om lyd inn og ut fungerer.

Du er nå klar til å delta på nettundervisning på denne maskina 😊! Dersom du skal bruke ei anna maskin, må du ta denne prosedyren på den nye maskina også. Audio setup Wizzard kan være grei å kjøre gjennom før samlinga for å sjekke at lyd fungerer.

Lukke til!